



Til høyringspartane

Dato: 20.06.2014
Vår ref.: 2014/1442-6
Saksbehandlar: anntryt
Dykkar ref.:

PREMISS: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025. Høyring

I samsvar med regional planstrategi for 2010-2014 er det utarbeidd høyringsforslag for regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025.

Planen PREMISS: KULTUR er forslag til Hordaland sin samla politikk for kultur fram mot 2025, og inkluderer heile spekteret i kulturlivet: museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. PREMISS: KULTUR er fem planar i eitt grep – og ein pilot i nasjonal samanheng.

Etter vedtak i fylkesutvalet 19. juni 2014, vert planen, med handlingsprogram, med dette sendt ut til høyring med **frist 26. september 2014**. Høyringsutkastet finn de her: <http://www.hordaland.no/kulturplan>

PREMISS: KULTUR, Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, har status som regional plan etter plan- og bygningslova § 8-1. I samsvar med § 8-2 inneber dette at **planen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging i regionen**.

Planen omfattar såleis heile kultur- og idrettsfeltet i Hordaland, også verksemd som ligg utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Planen skal vere eit samordnande styringsdokument for alle dei tre forvaltingsnivåa og peike ut retninga for ein offensiv kultur- og idrettspolitik i Hordaland.

Visjonen for Regional kulturplan er å vidareutvikle Hordaland som ein leiande europeisk kulturregion. Dette er uttrykk for ein ambisjon om å vere grenseoverskridande og nyskapande med risikovilje og å ta vare på og utvikle verdiar. Visjonen føreset auka statlege, regionale og kommunale ressursar og samordning av ressursar på tvers av sjangrar, verksemdar og forvaltningsnivå.

Planen har fire gjennomgåande hovudtema, felles for alle fagområda; endringar i busetnad og infrastruktur, formidling og deltaking, verdiskaping og samordning og samhandling. Utover dette omfattar planen særskilte kulturpolitiske utfordringar for dei ulike fagområda og foreslår innsatsområde og tiltak både for dei felles tema og for fagområda. Handlingsprogrammet skal rullerast kvart fjerde år og justerast årleg i samband med Hordaland fylkeskommune sin budsjettprosess.

Hordaland fylkeskommunane ber høyringspartane om å vera særleg merksam på:

- Visjon og målsettingar
- Prioritering av innsatsområde og tiltak i handlingsprogrammet
- Kva innsatsområde og tiltak bør prioriterast dei fire første åra?
- Planen som verktøy for samhandling mellom forvaltningsnivå
- Fagleg eller geografisk konsolidering av institusjonar, td. Museumseiningar

- For dei som mottok fylkeskommunal driftsstøtte over budsjettet er det diskutert om det skal søkast årleg eller kvart tredje år (jfr. Kap 2.5). Vi ønskjer høyringsinstansane sitt syn på dette.
- Korleis oppfattast det regionale kulturoppdraget, og kva er forventningane til dette?

Hordaland fylkeskommune vil oppmode alle høyringspartar til å nytta høvet til å gje fråsegn til planen. Desse vil danna grunnlaget for den endelege kulturplanen som er tenkt vedteke av fylkestinget i desember 2014.

Det vert arrangert innspelskonferanse for heile Hordaland i Bergen 20. august



Tom-Charister Nilsen
fylkesordførar